

Velferdsordningane i landbruket – Utvikling siste 10 år

Utvikling av tilskot i forhold til kostnadsutviklinga

Tal på dagar/timar ferie og fritid ein bonde får for tilskotet er kraftig redusert då utviklinga på tilskot ikkje følgjer kostnadsutviklinga. Sjølv om løna til avløyssarane er låg i forhold til mange andre yrkesgrupper er timeprisen bonden må betale for kvalifisert arbeidskraft i 2008 kr. 194,80¹ inklusiv sosiale utgifter, forsikringar og administrasjon. Ein bonde med maks tilskot på kr. 58.000,- vil då kunne få ferie- og fritidsavløysing i ca. 298 timar eller ca. 39 dagar. I 1999 kosta arbeidskrafta 137,70² i timen, og maks tilskot var kr. 48.000,-. Same bonden fekk då ca. 348,5 timar eller ca. 46 dagar ferie- og fritidsavløysing for tilskotet.


For å følgja kostnadsutviklinga burde maks tilskot ved ferie/fritid minimum vært kr. 68.000,- i 2008.

Når det gjeld avløysing under sjukdom er den reelle kostnaden pr. dag kr. 1.488,-³, mens tilskotet frå 1.1.2009 er kr. 1.130,- pr. dag. Dette medføre ein eigendel pr. dag på kr. 358,-. Ved langvarig sjukdom medføre dette ei stor økonomisk belastning i tillegg til sjukdomen. I verste fall, økonomisk ruin.

For å følgja kostnadsutviklinga burde maks tilskot pr. dag under sjukdom minimum vært kr. 1.450,- i 2008.

Utbetaling av tilskot ferie og fritid – tal på utbetalningar og tidspunkt for utbetaling

Diagrammet nedafor syner kva endringar som har skjedd når det gjeld tidspunkt for utlønning i åra frå 1998 til 2007. I løpet av dei siste ti åra har det vore ei klar forskyving i frå jamn utlønning gjennom heile året til at meir og meir vert løna ut i slutten av året.



¹ Minsteløn pr. time kr. 142,50. Sosiale kostnader, forsikring med mer 36,7 %


² Tarifføløn pr. time kr. 103,05. Sosiale kostnader, forsikring med mer 33,6 %

³ Kr. 194,80 pr. time x 7,5 timer

Årsaka til at denne situasjonen har oppstått er endringar i rutinar for dokumentasjon og refusjon av tilskot ved ferie/fritidsavsløysing. I 1998 vart tilskotet til ferie/fritid dokumentert og refundert fire gonger i løpet av året. Dette gav ein jamn likviditet i ordninga og førte til at den einskilde gardbrukar til ei kvar tid fekk refundert midlar til løn. I dag blir tilskotet dokumentert og refundert ein gong i året. Midlar nytta til løn vert først refundert i juni året etter, noko som har ført til dårleg likviditet i ordninga. Den einskilde gardbrukar ventar i det lengste med å ta ut ferie/fritid for å korta ned på forskotteringstida. Dette er negativt for rekruttering av avløysarar. For å ha beredskap ved sjukdomsavsløysing er vi avhengig av kvalifisert arbeidskraft som kan steppe inn på kort varsel. Då er vi avhengig av jamn sysselsetjing og under ferie-/fritidsavsløysing. Frå 2009 har avløysarlagar ansvar for all beredskap ved sjukdomsavsløysing i og med at landbruksvikarordninga er overført frå kommunen. Tilgong på kvalifisert arbeidskraft er ei viktig forutsetjing for å kunne yta beredskap etter intensjonen i den nye landbruksvikarordninga.

Forskottering frå bonden – beløp og forskotteringstid

Diagrammet under viser kva innverknad talet på utbetalingar og tidspunkt for refusjon har hatt å sei for bonden frå 1998 til 2007. Det er særleg den sterkt auka forskotteringstida som er årsak til den negative utviklinga når det gjeld tidspunkt for utlønning i diagrammet ovafor.



Konsekvensar

- Mindre ferie og fritid for den einskilde gardbrukar
- Dårligare beredskap ved sjukdom hos gardbrukar
- Dårligare rekruttering av unge bønder
- Vanskeleg å rekruttere kvalifisert arbeidskraft, usikre arbeidsplassar
- Dårligare produktivitet – svakare økonomi
- Større sjanse for at det skjer ulykker og kriser
- Meir sjukdomsavsløysing

Realitet

Talet på føretak er kraftig redusert frå 1998 til 2007, men krav til ferie og fritid og behov for avløyning under sjukdom er minst like stort i dag som tidlegare. Særleg yngre bønder etterspør ferie og fritid på lik linje som andre i samfunnet.

Tilskotet har auka fleire gonger desse åra, men kvar gong har auken vore mindre enn kostnadsutviklinga. Dette medfører at bonden sin verdi av ordningane er vesentleg redusert. Det same gjeld tilskot under sjukdom.

Kravet til likvide midlar forskottert frå bonden si side dei same åra har auka frå ca. kr. 10.000,- til ca. kr. 70.000,-. Forskotingstida er samstundes auka frå ca. 3 månader, ved fire utbetalingar i året, til inntil 18 månader ved ein utbetaling. Ein bonde som overtek eit gardsbruk 1. januar vil etter noverande regelverk først få refundert nytta tilskot til ferie/fritid i juni året etter. Dette tilbodet er ikkje godt nok for dei som vil satsa på landbruk som næring.

Frå 1. januar 2009 har avløyarlaga fått heile ansvaret for å byggja opp ei landsdekkande landbruksvikarordning. Alle føretak som har rett på tilskot ved sjukdom har og rett til landbruksvikar, dersom denne er ledig. Gjennom jordbruksavtalen er det løyvd tilskot til 240 årsverk for 2009. For bøndene er dette ei svært fleksibel og økonomisk god ordning, som alle partar i landbruket har eit ansvar for å bidra til å byggja opp. Det er avløyarlaga rundt i landet som har ansvar for å byggja opp beredskapen, men det er i realiteten den einskilde bonde gjennom aktivt bruk av avløyarlaget sin tenester, som avgjer kor god den nye og svært viktige landbruksvikarordninga skal bli. Då er det viktig at rammeforholda vert lagt til rette slik at dei er med å bidrar til å styrkje ordninga.

Kva ynskjer avløyarlaga og Norske Landbrukstenester?

Det er den kvalifiserte arbeidskrafta som er den viktigaste ressursen for gode velferdsordningar for bonden. Når bonden ligg sjuk hjelper det lite med økonomisk tilskot dersom avløyaren manglar. Vi ynskjer stabile og forutsigbare ordningar som gjer det mogeleg å tilby sikre arbeidsplassar for våre tilsette. Det vil føra til meir attraktive arbeidsplassar, auka status, lettare rekruttering, meir kunnskap og betre tryggleik og trivsel både for bonden og avløyaren. Når den kvalifiserte arbeidskrafta er på plass så er og sikringsnettet til bonden på plass.

Vi har lenge hatt greie økonomiske rammer for velferdsordningane, men vi ynskjer at endringane i tilskota minst skal følgja kostnadsauken, slik at verdien for bonden ikkje blir forringa.

Vi ynskjer fleire, og tidlegare refusjonar av tilskotet for ferie/fritid. Då snakkar vi om refusjon av dokumenterte kostnader til ei kvar tid, ikkje forskot. Dette er avgjerande for jamn sysselsetjing, meir stabilitet i ordninga og redusert forskotingstid for bonden.

Velferdsordningane skal bidra til trivsel og tryggleik for bonden og hans familie, både ved ferie/fritid og under sjukdom. Gjennom dei 130 avløyarlaga arbeider ca. 40.000 personar som avløyasarar i dag. Samla utgjer dette ca. 7.000 årsverk. Ca. 30.000 bønder er medlem i eit avløyarlag.

Vi ynskjer eit minst mogeleg byråkratisk, men kontrollerbart regelverk, som sikrar at dei løyvd midlane blir brukt mest mogeleg målretta. Alle som har rett på tilskot, både ved ferie/fritid og sjukdom, må handsamast likt. Tilskotet har heilt frå starten vore ei refusjonsordning, der utgiftene skal dokumenterast. Dette kravet er endra dei seinare åra, slik at det no berre er enkeltmannsføretak som har krav til dokumentasjon, alle andre får utbetalt midlane direkte. Slike skilnader fører i praksis til at oppbygginga av gode velferdsordningar,

inkludert landbruksvikarordninga, blir vanskeleg. Det er viktig med jamn sysselsetjing ved ferie-/fritidsavløysing for å utvikle stabile arbeidsstader og for å tilby beredskap under sjukdom.

Om forhandlingspartane og politikarane meiner at velferdsordningane er viktig for bonden sin tryggleik og trivsel inviterer vi til samarbeid for å få plass ordningar som er til det beste for landbruksnæringa. Det er viktig at vi saman arbeidar for å byggja opp gode ordningar for den einskilde bonde, som kan administrerast og forvaltast på ein effektiv måte.

Utarbeidd av NLT - 2008